

Behandling i Fylkesutvalet - 26.02.2018

Randi Walderhaug Frisvoll (KRF) fremma følgjande forslag:

«Fylkesutvalget tilrår Statens vegvesens anbefaling om å utvikle E-39 Digernes-Vik etter konsept K3.1.A med H-8 Standard som vil gi en effektiv transport-korridor for transport over lengre distanser, og vil knytte bo- og arbeidmarkedsregioner tettere sammen.»

Kristin Marie Sørheim (SP) fremma på vegner av seg sjølv, Per Vidar Kjølmoen (AP), Eva Vinje Aurdal (AP), Sidsel Rykhus (AP), Tove-Lise Torve (A), Mette Belden (UAVH), Gunn Berit Gjerde (V) og Iver Nordseth (V):

«Endringsforslag:
– ordet *trasè* i linje 6 blir erstatta med *linjeføring*.»

Torgeir Dahl (H) fremma følgjande forslag:

«Alternativ til 1. avsnitt:
Erstatte K2.1 B med K2.0 B.»

Votering:

Forslaget frå Randi Walderhaug Frisvoll fekk 1 røyst (KRF) og fall.

Forslaget frå Torgeir Dahl fekk 1 røyst (H) og fall.

Tilrådinga frå fylkesrådmannen, inkl endringsforslaget frå Kristin Marie Sørheim med fleire fekk 12 røyster og vart vedteke. 1 røysta mot (KRF).

Vedtak i Fylkesutvalet - 26.02.2018

Fylkesutvalet i Møre og Romsdal tilrår alternativ K2.1.B som ny trasè for ny E 39 mellom Digerneset og Vik.

Fylkesutvalet føreset at det vert utarbeidd ny tilknytings-trasè for E 136 mellom Vik og Remmem og at strekninga Fremstedalen – Remmen framleis vert del av E 136.

Fylkesutvalet vil peike på manglar i utgreiingsarbeidet som må vurderast før endeleg valg av *linjeføring*:

- Strekninga Digernes og Vik må i større grad vurderast i samanheng med framtidig trasè Digernes-Ålesund
- Verknadene for automatisk freda kulturminne må utgreiaast meir og desse må sikrast ved val av trasè (Valle, Skodjestraumen, Vik, Landedalen).
- Naturmangfold og friluftsinteresser må utgreiaast vidare og sikrast i detaljplanlegginga; dette gjeld særleg Solnørvassdraget og Ørskogfjellet.
- Konsekvensar for kollektivtransport må utgreiaast betre, og det må tilretteleggjast for å nå måla om redusert bilbruk i Ålesund- og Molderegionen.

Fylkesutvalet meiner det hastar med å komme i gang med opprusting av vegen, og at det ikkje er behov for 4-felts veg i overskueleg framtid men at det må leggjast til rette for krabbefelt og forbikøyringsfelt i nødvendig omfang i H5-alternativet.